



Ypsøy kystgard  
Øpso 17  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2208 - 16/16753

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
01.09.2016

## Godkjenning av søknad om fritak frå gjødselplan 2016 - GBNR 50/3 - Ypsøy kystgard

**Administrativt vedtak. Saknr: 293/2016**

### Saksutgreiing:

Ypsøy kystgard har 15.08.2016 søkt om fritak for krav om gjødselplan grunna ekstensiv drift. Garden er drive økologisk med 54 vaksne sau av rasen gamalnorsk sau. Driftsforma er utegangardrift og det vert ikkje spreidd husdyrgjødsel eller kunstgjødsel. Det er om lag 45 daa med jordbruksareal både eige og leigd, og i tillegg vert mesteparten av utmarka på Ypsøy brukt som beite. Bruket har tidlare hatt fritak frå kravet om gjødselplan.

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging § 5 står det at kommunen etter søknad frå foretaket kan dispensera frå kravet om gjødselplan, om bruket vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Det vert ikkje nytta gjødsel på bruket, og kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år.

### Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.09.2021 for Ypsøy kystgard GBNR 50/ 3, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Ypsøy kystgard

Øpso 17

5917

ROSSLAND